



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Atle Kambestad, 55 57 22 12

Vår dato
01.12.2007
Dykkar dato

Vår referanse
2007/11277 443.2
Dykkar referanse

Fiskerettshavarlag ol.
i vassdrag med laks og sjøaure
i Hordaland
Etter adresseliste

Framlegg til ny forskrift for regulering av fiske etter laks og sjøaure i vassdrag i Hordaland. Høyring

Fylkesmannen i Hordaland sender med dette ut framlegg til ein ny femårs forskrift for regulering av fisketider med meir for laks og sjøaure i Hordaland. Frist for å kome med innspel til framlegget er 15.01.08. Fylkesmannen inviterar til dialog med rettighetshavarane i høyringsperioden. Ny forskrift skal vere fastsett 15.02.08.

Det er no tid for å utarbeide ein ny femårs forskrift for regulering av fisket etter anadrome laksefisk i vassdrag, gjeldande for perioden 2008 – 2012. Fylkesmannen skipa til orienteringsmøte om prosessen for utarbeiding av ny forskrift for representantar frå den lokale forvaltning av laksestammene i fylket i Bergen 07.11.07.

Direktoratet har utarbeidd ein rad retningslinjer for reguleringane, på bakgrunn av at mange stammar av laks har for lite gytefisk og for høg mengd rømt oppdrettslaks. I hovudsak går desse ut på at uttaket av villaks må reduserast mange stadar, og at det må settast inn meir tiltak for å fjerne rømt oppdrettslaks. Fylkesmannen meiner at retningslinjene gjer eit klart signal om at villaksen i ei rekkje stammar i Hordaland må få eit betre vern mot overfiske og rømt oppdrettslaks.

Ein ny, viktig styringsmåte for regulering av laksefiske, er å bygge reguleringene på at ein skal nå eit gytemål. Dette vil seie at det skal vere nok gytefisk att i vassdraga etter fiske til at heile vassdragets produksjonskapasitet vert fylt opp. Gytemål er for dei fleste lakseelvane berekna av Norsk institutt for naturforvaltning. Tabell 1 synar ei oppsummering av kor mykje av gytemålet som er berekna å vere oppnådd i dei 18 laksestammene i Hordaland i snitt dei siste fem år. Dette er førstegenerasjonsberekningar, som vil verte forsøkt forbetra i tida framover. Men dei skal likevel vere retningsgivande for den vidare forvaltning av laksestammene. For elvar som ikkje har oppnådd gytemålet, må fiske reduserast.

I tillegg vil andel oppdrettslaks vere ein viktig styringsparameter for forvaltninga av villaksstammene framover. Direktoratet for naturforvaltning har i sine retningslinjer sagt at det skal settjast inn tiltak for å redusere innslag av rømt laks der det jevnleg er meir enn 5 % i gytestammene. I elver der det er jevnleg meir enn 20 % må det settast i verk strenge tiltak.

I vårt fylke har vi målingar og observasjonar av andel rømt oppdrettslaks i elvane frå ei rekke undersøkingar av skjel frå fiskesesongen og ved utfiskingstiltak om hausten, og frå dykkarteljingar på gyteplassane. Nokre stadar har ein del av desse oppdrettslaksane vore fjerna, slik at ein har oppnådd eit lågare nivå enn det målingane synte. Tabell 1 synar kor stor del av dei ymse gytestammene av laks i fylket som har vore rømt oppdrettslaks i snitt dei siste fem år. Plasseringa er fylkesmannens vurdering ut frå målingar og verknadar av tiltak.

Tabell 1: Andel oppdrettslaks og andel av oppnådd gytemål i snitt dei siste fem år i dei 18 laksestammene i Hordaland. Trong for tiltak er større jo meir mot venstre og høgare i tabellen vassdraget er plassert.

ANDEL OPPDRETT	0-50 % AV GYTEMÅL	50-100 % AV GYTEMÅL	100-150 % AV GYTEMÅL	150-200 % AV GYTEMÅL
50-60 %	Vosso	Ekso Uskedalselva Jondalselva		
40-50 %		Rosendalselva	Fjæra	
30-40 %	Eio	Steinsdalselva		
20-30 %		Oselva Granvinselva Kinso	Etne	
10-20 %		Tysseelva Opo	Daleelva Frøyset	Storelva
0-10 %				Loneelva

Av dei 18 stammene av villaks vi har registrert i Hordaland for tida, har det i år berre vore ope for fiske på ni. Av dei som det har vore fiska på, ligg tre i kategorien ”berre oppnådd 50 – 100 % av gytemålet”. Det er Tysseelva, Oselva og Uskedalselva. I sistnemnte er det relativt nyleg starta kalking, og laksestamma har dei siste to-tre år vore innan gytemålet. I Tysseelva har det i år vore observert nesten ikkje gytefisk i dei heile, verken av laks eller sjøaure. Det er difor naudsynt å stogge fisket på dei stammene. I Oselva har det vore eit relativt godt fiske dei seinare år, men berekningane tydar på at gytestamma ikkje er stor nok til å oppnå optimal avkastning. Dessutan er det for høg andel oppdrettsfisk i det vassdraget, så der må det både reduserast på uttaket av villaks, og settast inn tiltak mot rømt oppdrettslaks.

Tabellen synar og tydeleg at det er for høg andel oppdrettslaks i dei fleste laksevassdraga i fylket. Av dei som det er fiske på, er det, i tillegg til dei allereie nemnte, serleg i Fjæraelva og i Etneelva at det må settast inn tiltak. Dette kan gjerast entan ved å redusere uttaket av villaks, eller ved meir aktiv utsiling av oppdrettslaks. I frå Etneelva har vi allereie fått melding om at dei innfører døgnkvotar pr fiskar frå neste år. I tillegg vil dei innføre ei aktiv overvaking og utsiling av oppdrettslaks ved hjelp av dykkarar. Eit anna viktig steg er å stogge fisket i den oppvandringshindrande hølen nedanfor Torefoss. Fylkesmannen ser på bakgrunn av det at det ikkje er naudsynt å redusere fisketiden i Etneelva. Men i sideelva Sørrelva er det og eit slik oppvandringshindrande område, så her gjer vi framlegg om å utsetje fiskestart med 15 dagar.

I Fjæraelva gjer vi framlegg om innkorting av fiskesesongen med 15 dagar i begge endar, men det vil og vere eit krav med aktive tiltak for å sile ut oppdrettslaks for at ein framleis skal kunne fiske på den villaksstamma. For Daleelva, Frøysetelva og Storelva i Arna vil det og vere eit krav at ein sørgjer for ein lågare prosent oppdrettslaks i gytestamma. I Daleelva har dei allereie skissert eit aktivt tiltak med dykkarar.

Samla sett kan ein sei at det går mot strengare vern av villaksstammene mot overfiske og rømt oppdrettslaks. Krav som vert sett til fiskerettshavarane for å få halde ope eit fiske, er ei aktiv overvaking og tiltak mot rømt oppdrettslaks. Det bør og vere ei løpande vurdering av om det kjem att nok gytelaks kvart år. Ei slik overvaking og vurdering kan vere eit godt alternativ til generelt strenge reglar for fisket. Ved ei aktiv, lokal forvaltning bør ein vurdere tiltak for å redusere eller stogge uttaket av villaks undervegs i sesongen. Eit slikt opplegg er frå neste år eit krav i nasjonale laksevassdrag, som i Etne. Fylkesmannen rår til dette også i dei andre laksevassdraga.

I tillegg til dei reguleringane som alt er nemnt, går fylkesmannen denne gong inn for fylgjande endringar i forskriften:

Fisket skal vere slutt 15. september, i motsetnad til 30. september som mange vassdrag har hatt dei siste fem år. Grunnlaget for eit så seint fiske var å forskyve fisket meir mot rømt oppdrettslaks, som ofte kjem seinare på elva enn villaksen. No har mengda rømt laks gjenge noko attende dei seinare år. Dessutan er det kjent at villaksen ofte skiftar lynne og vert meir biteviljug i slutten av september. Denne nye sluttdatoen gjeld og i sjøareelvar, avdi mengda av den arten synar ein reduksjon for tida. Eit unntak vert Daleelva, der dei har ei sers god lokal forvaltning. Dei ynskjer halde ope eit fiske etter oppdrettsfisk og sjøare ut månaden.

Ingen av dei elvane som har vore stengt for fiske etter villaks dei siste fem år, synar god nok framgang til at vi kan rå til eit fiske no heller. Vi gjer tvert i mot framlegg om ein reduksjon i fisket etter sjøare og oppdrettslaks i nokre av dei elvane. Dette gjeld der stoda er mest kritisk; Vossavassdraget og Eidfjordvassdraget. I begge vert det sett inn store ressursar for å berge stammene og få attende eit grunnlag for fiske, så då må ein gjere alt for å unngå at dei få villaksane som kjem attende vert skada. Det er heller ikkje så mykje oppdrettslaks lenger i desse vassdraga til å nytta det som argument for eit fiske. Dei kan dessutan ryddast ut på anna vis. Vi gjer framlegg om at sjøarefisket vert utsett med 15 dagar i Vossavassdraget og vert stogga i Evangervatnet, og at den lokale forvaltninga gjer ein ny vurdering av om fisket kan organiserast slik at faren for å skade villaks kan reduserast endå meir.

I Eidfjordvassdraget gjer vi framlegg om at fisket vert stogga heilt i Bjoreio. Villaksen der er sers truga. Det er ikkje så mykje oppdrettslaks og sjøare der at det er eit godt argument for eit fiske, og i den elva har det synt seg vanskeleg å organisere fisket på eit turvande vis. I Eio og Eidfjordvatnet gjer vi framlegg om 15 dagar seinare start, for å sikre at meir av villaksen har passert før fisket etter sjøare opnar.

Direktoratet for naturforvaltning har opna for at det kan nyttast andre reguleringstiltak, som alternativ til innskrenkingar i fisketid. Dette må likevel vere tiltak som monnar. Vi nemnar til dømes reduksjon i fisket i oppvandringshindrande hølar, og døgnavtar. Den allereie nemnte vurderinga av mengd gytelaks i løpet av fiskesesongen vil og kunne vere eit slik tiltak, men då må det leggest frem ein skriftleg plan for fylkesmannen, med opplegg for overvaking og tiltak.

I vassdrag eller vassdragsdelar der det ikkje vert levert inn fangstmelding til fylkesmannen, skal det ikkje vere ope for fiske. Det manglar framleis fangstmelding frå ein del elver for sesongen 2007. Om desse ikkje kjem inn raskt, er det aktuelt å stengje dei for fiske. Det er og aktuelt å stengje delar av elver for fiske i neste femårsperiode der dei ikkje deltar i felles

system for fangstmelding. Dette gjeld mellom anna ein del soner i Etneelva. For å unngå dette må det sendast inn til fylkesmannen innan høyringsfristen ein skriftleg plan for korleis ein skal etablere ein tilfredstillande fangstmeldingsrutine.

Vi vil til slutt understreke at dette er eit høyringsframlegg. Vi ser fram til dialog med rettighetshavarane, lokale fagråd og liknande i høyringsperioden. Det er sers viktig å verne om fiskestammene og sørge for at dei produserar maksimalt, men der det er god og aktiv lokal forvaltning kan det utarbeidast alternative reglar som i nokon grad kan være eit alternativ til innkorta fisketid. Ein slik dialog starta med det orienteringsmøtet fylkesmannen skipa til i Bergen for representantar for lokal forvaltning i lakseelvane i Hordaland 07.11.07

Høyringsfrist vert sett til 15.01.08. Ny forskrift skal vere vedteke seinast 15.02.08. Meir bakgrunnsinformasjon om denne prosessen og dei retningslinene som gjeld vil verte lagt ut på våre internettsider: <http://fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1178>

Med helsing

Terje Aasen e.f.
fylkesmiljøvernssjef

Atle Kambestad
rådgyvar

Gjenpart: Direktoratet for naturforvaltning, 7485 Trondheim
 Statens naturoppsyn, her

Framlegg til forskrift om opning av fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag i Hord.

Med heimel i Lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk m.m. § 33, jfr. kgl. res. av 27.11.92 om opning av fisket etter anadrome laksefisk og delegeringsforskrift fra Miljøverndepartementet av 24. februar 1993 har fylkesmannen i Hordaland 15. februar 2007 fastsett følgjande forskrift om opningstider for fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag:

§ 1.

Det er tillete å fiske anadrome laksefisk i følgjande vassdrag innafør dei oppgjevne datoane:

Kommune	Vassdrag	Laks	Sjøaure
Bergen	Storelva i Arna	01.07 - 15.09	01.07 - 15.09
Eidfjord	Eio og Eidfjordvatnet	Forbode**	15.07 - 15.09
	Bjoreio	Forbode	Forbode
	Veig	Forbode**	15.07 - 15.09
	Simo	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
Etne	Etnevassdraget, utenom Sørrelva*	01.06 - 10.09	01.06 - 10.09
	Sørrelva	15.06 - 10.09	15.06 - 10.09
	Fjæraelva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
	Mosneselva	01.07 - 15.09	01.07 - 15.09
Fitjar	Kjærelva inkl. Storavatnet	01.07 - 15.09	01.07 - 15.09
Fusa	Hopselva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
Granvin	Granvinsvassdraget	Forbode**	15.06 - 15.09
Jondal	Jondalselva	Forbode**	15.07 - 15.09
Kvam	Steinsdalselva og Movatnet	Forbode**	15.06 - 15.09
	Fosselva	Forbode**	15.07 - 15.09
	Øysteseelva	Forbode**	15.07 - 31.08
Kvinnherad	Bondhuselva	15.06 - 15.09	15.06 - 15.09
	Blåelva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
	Guddalselv	01.07 - 15.09	01.07 - 15.09
	Omvikelva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
	Rosendalselvane	Forbode**	01.07 - 15.09
	Uskedalselva	15.06 - 15.09	15.06 - 15.09
	Æneselva	15.06 - 15.09	15.06 - 15.09

*I ei sone frå toppen av Torefoss og ned til taubana er det ikkje tillete å fiske.

** Fiske etter oppdrettslaks og regnbogaure tillete i fisketida for sjøaure etter nærare reglar utarbeidd av fiskerettshavarane.

Kommune	Vassdrag	Laks	Sjøaure
Lindås	Storelva på Natås	15.06 - 15.09	15.06 – 15.09
	Romarheimselva	01.07 – 15.09	01.07 – 15.09
Masfjorden	Andvikvassdraget	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
	Frøysetelva	15.06 – 15.09	15.06 - 15.09
	Hopevassdraget	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
	Matreelva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
Modalen	Modalselva	15.07 - 15.09	15.07 - 15.09
Odda	Opo	Forbode**	01.07 – 31.08
Os	Lønningdalselva	01.08 - 15.09	01.08 - 15.09
Os og Bergen	Osvassdraget	01.07 - 15.09	01.07 - 15.09
Osterøy	Loneelva	15.06 - 15.09	15.06 - 15.09
Samnanger	Tysseelva	Forbode	Forbode
Stord	Ådlandsvassdraget	01.07 – 15.09	01.07 – 15.09
Ullensvang	Kinso opp til Vågårdskleiv	Forbode**	15.07 - 15.09
Vaksdal	Daleelva	01.07 - 15.09	01.07 - 30.09**
	Ekso opp til 300m ovf. kraftverk	Forbode **	01.07 - 15.09
Voss	Vosso, offentlege rettar ovanfor Vangsvatnet	Forbode **	15.07 - 15.09
	Vosso (Bulken-Evanger)	Forbode**	15.07 - 15.09
	Teigdalselva	Forbode**	15.07 - 15.09
	Bolstadelva	Forbode **	15.07 - 15.09

** Fiske etter oppdrettslaks og regnbogeaure tillete i fisketida for sjøaure etter nærare reglar utarbeidd av fiskerettshavarane

§ 2.

I følgjande vassdrag eller vassdragsdeler der det går anadrom fisk er det ikkje tillete å fiske:

- Ekso i Vaksdal frå omlag 300 meter ovanfor Myster kraftverk og opp til Raudfossen
- Bjoreio i Eidfjordvassdraget
- Kinso i Ullensvang ovanfor Vågårdskleiv
- Tyssevassdraget i Samnanger
- I Etneelva frå toppen av Torefoss og ned til taubana

I Vangsvatnet og Evangervatnet på Voss er det berre tillete å fiske innlandsfisk

§ 3

Ved følgjande elveosar eller liknande vert det tillete å fiske etter laksefisk heile året:

- Hopsfossen i Nordåsvatnet i Bergen
- Utløpet frå kraftverket i Sima i Eidfjord
- Langfossen i Åkrafjorden i Etne
- Utløpet av Henangervassdraget i Sævareid i Fusa
- Utløpet av Skjelbreidvassdraget i Eikelandsosen i Fusa
- Utløpskanalen frå kraftverket i Austrepollen i Kvinnherad
- Utløpet frå kraftverket i Matre i Kvinnherad
- Furubergfossen i Maurangerfjorden i Kvinnherad
- Utløpet frå kraftverket i Matre i Masfjorden
- Utløpet frå kraftverket i Fotlandsvåg i Osterøy
- Utløpet fra BKK sitt kraftverk i Ulvik
- Utløpet frå Fossmark kraftverk i Vaksdal

§ 4.

I dei vassdrag som fører anadrome laksefisk, men som ikkje er nemnde i § 1, 2 eller 3, er fiske tillete frå og med 01.07 til og med 15.09.

§5

Fiske etter sjørøye er tillete i dei same periodane som etter sjøaure. Regnbogaure er ikkje freda, men det er likevel ikkje tillete å fiske etter denne arten i lakse- eller sjøaureelver utanom dei fastsette fisketidene. Det er ikkje tillete å fiske etter ål med faststående redskap i elver med anadrom laksefisk.

§ 6

Fylkesmannen i Hordaland kan i serlege tilfelle gje dispensasjon frå paragrafane i denne forskrift.

§7

Fiske utanom dei fastsette fisketider er straffbart, jfr. Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15.mai 1992 nr. 47, § 49.

§ 8

Forskrifta vert sett i verk frå 15.februar 2007. Samstundes vert forskrift av 15. februar 2003 om opning av fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag i Hordaland oppheva.